

Risiko	Grunngjeving konsekvensvurdering	Konsekvens	Sannsyn	Grunngjeving for vurdering av sannsyn	Risikonivå	Tiltak	Ny konsekvens	Nytt sannsyn	Restrisiko
Brot på teneste og nedetid på kritiske system. Ein omleggingsprosess vil alltid medføre risiko for nedetid utover det som er planlagt.	Avhengig av system/område vil nedetid kunne føre til fare for liv og helse. It-system i helsesektoren vil konsekvensane kunne vera særskilt store. Andre ikkje-kritiske system vil ha ei lågare konsekvensvurdering.	Særs høg	Høg	Dei mest sensitive og kritiske systema er særskilte og inneheld mange aktørar, integrasjonar og systemdeler. Dette aukar risiko for nedetid. Samstundes har helsesektoren godt innarbeidde rutinar for nødprosedyrar ved brot på IT-teneste. Dette senkar risikoen for uønska hendingar og konsekvensar for liv og helse.	Høg	<ul style="list-style-type: none"> - Det er avgjerande at ein gjennomfører ein grundig planleggingsfase før overføring av alle system, der ein ser på alle risikopunkt og kvalitetssikrar alle delar av prosessen. Slik kan ein senke varigheit av ev. brot. - Både brukarar og alle sentrale aktørar (både interne og eksterne) må involverast i kvar enkelt prosess. - Det er viktig å sette av nok tid for å unngå tidspress. 	Høg	Låg	Moderat
Omlegging av mange system på ein gang.	Omlegging av mange system vil kunne gi <ul style="list-style-type: none"> - auka risiko for nedetid - dårleg kvalitet på utført arbeid - dårleg kvalitet på oppsett av systemet - manglande oversikt - manglande dokumentasjon - auka risiko for at feil oppstår - auka risiko for datatap - for høgt arbeidspress for tilsette på IT og andre involverte i overføringsprosessen - frustrasjon og slitasje blant brukarar/tilsette 	Særs høg	Høg	Omlegging av for mange system på ein gang gir høgt sannsyn for at konsekvensane inntreffer.	Høg	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå punkt i ruta over - Det bør utarbeidast grundige planar, både overordna med rekkefølge og oversikt, men også for kvart enkelt system som skal overførast. - Utarbeiding av grundige og gode sjekklister i forkant som legg til rette for systematisk arbeid. Slik får ein god oversikt over rekkefølge og samanhengar. 	Moderat	Låg	Låg

Risiko	Grunngjeving konsekvensvurdering	Konsekvens	Sannsyn	Grunngjeving for vurdering av sannsyn	Risikonivå	Tiltak	Ny konsekvens	Nytt sannsyn	Restrisiko
Økonomisk styring	Utflytting av system utan grundig planlegging vil kunne medføre manglande økonomisk styring, ved at ein stadig må innhente ekstern kompetanse for hjelp, og ikkje kan avtale arbeid til fastpris eller ha oversikt over utgiftene på førehand.	Høg	Høg	Sannsynet for at dette skjer er høg utan tiltak. Dyr akutthjelp ved overføring av enkelte system vil vera uunngåeleg.	Høg	<ul style="list-style-type: none"> - Grundig planlegging og budsjettering - Inngå avtalar med relevante aktørar ut frå plan - Involvere relevante eksterne aktørar i planleggingsfasen - Oppsett av buffer i budsjett slik at ein er rusta for uføresette hendingar og er i stand til å gjennomføre optimale tiltak. 	Låg	Låg	Låg
Manglande tilgang, manglande samarbeid/ dialog	Manglande tilgang til systema som skal overførast i forkant vil gjere planleggingsprosessen vanskelegare og føre til dårleg kvalitet på planarbeidet. Manglande tilgang til system i forkant vil også føre til manglande mogelegheit til opprydding og systemgjennomgang, noko som vil kunne føre til dårlegare kvalitet på systemet etter overføring.	Høg	Sær s høg	Sannsynet for at dette skjer er sær s høg utan tiltak. Ein har på noverande tidspunkt ikkje dokumentasjon over systemoppsett eller tilgangar til ei rekke sentrale system.	Høg	<ul style="list-style-type: none"> - Godt samarbeid med SYSIKT i planleggingsfasen er avgjerande - Det er viktig å sikre dei tilgangane ein treng for å få god oversikt over systema - Det er også viktig med tilgangar til alle system for å kunne vurdere kvar potensialet er størst for kvalitetsheving av system og oppsett (sjå også punkt 7) 	Låg	Låg	Låg
Manglande kompetanse	Manglande kompetanse i beste praksis for oppsett av kvart enkelt system, samt manglande kompetanse i sjølve	Høg	Sær s høg	Sannsynet for at ein opplever at ein har manglande kompetanse i dette prosjektet er sær s høg utan tiltak.	Høg	<ul style="list-style-type: none"> - Intern kartlegging av kompetanse - Kartlegging av relevant ekstern kompetanse 	Låg	Låg	Låg

Risiko	Grunngjeving konsekvensvurdering	Konsekvens	Sannsyn	Grunngjeving for vurdering av sannsyn	Risikonivå	Tiltak	Ny konsekvens	Nytt sannsyn	Restrisiko
	systemoverføringa og kva som må/bør gjerast knytt til dette, vil kunne medføre auka risiko for feil, nedetid og manglande økonomisk styring.					<ul style="list-style-type: none"> - Knyte til seg relevant kompetanse frå eksterne aktørar der ein ut frå planlegging og intern kartlegging ser at det er behov - Tiltaka vil også medføre betydeleg auke i kvalitet på oppsett og system i etterkant av overføringa 			
Manglande evaluering av dagens system	Manglande evaluering av dagens system i forkant av overføringsprosessen vil medføre at ein tek med seg noverande feil og manglar vidare.	Moderat	Særs høg	Sannsynet for at dette skjer er særs høg utan tiltak. Ein veit at ein har system med lågare kvalitet enn optimalt i systemporteføljen.	Høg	Grundig evaluering av kvart enkelt system saman med systemeigar. Kartlegging av systemdeler eller oppsett som ikkje fungerer optimalt. Tiltaka vil krevje tid, men vil føre til ei markant auke i kvalitet på system i etterkant av overføringa.	Låg	Låg	Låg